



## Krav til søknader om sanitært avløpsvatn

Oppdatert: 28.01.2025

Surnadal kommunes gebyrforskrift gjer at vi no tek eit ekstra gebyr for å behandle søknader med manglar. Kostnaden blir send til eigar av anlegget. Det er difor viktig at du sender med nødvendig informasjon ved første innsending.

Er du usikker anbefaler å ta kontakt med kommunen tidleg i planlegginga før du sender søknad.

## Krav til nye utslepp

Forureiningsmynda kan stille strengare vilkår enn minstekrava i forureiningsforskrifta. Nedanfor beskriv vi krav du må rekne med i Surnadal kommune som ikkje er forskriftskrav. Vi kan gjere unntak eller stille strengare vilkår dersom forholda tilseier det.

Om avløpet blir slokke ut i ein fjord skal utløpsrøyret i utgangspunktet vere minst 50 meter ut frå lågvasstand og på minst fire meter djupn. Dei siste fem metrane skal røyret ha fleire hol for å betre spreie avløpsvatnet. Det kan likevel bli gjort ei individuell vurdering basert på botnforhold, utsleppsmengd og brukarinteresser. Det er også viktig å kjenne til mengda som blir pumpa ut ved kvar syklus.

Ved å sleppe ut avløpsvatnet lenger ut på større djupn og på fleire stader blir konsentrasjonar av patogen lågare før det kjem i kontakt med menneske. Dette minskar også vertikale vasstraumar som risikerer å drepe rogn og yngel når dei stig raskt opp til overflata.

Om vatnet går til infiltrasjon skal infiltrasjonen trykksbelastast slik at heile infiltrasjonen blir brukt effektivt. Elles er det krava i forureiningsforskrifta og relevante VA-miljøblad som er standardkrav.

## Presisering av krav til søknad

Forureiningsforskrifta nemner minstekrav til informasjon i ein søknad. I tillegg kan det i nokre tilfelle vere viktig med meir informasjon. Ta kontakt med kommunen om du er usikker.

Eit døme på informasjon vi ofte treng er kvaliteten på tilkomstvegen. Sjølv om tunge køyretøy har levert byggjemateriale kan Remidt vurdere at vegen ikkje er god nok for slambilen. Om det er usikkert om slambilen kjem fram, må du sende informasjon om vegbreidd, bereevne og storleik på snuplass. Som regel blir berre nye anlegg med vintervedlikehald godkjent.

I samsvar med forureiningsforskrifta skal søknaden beskrive utsleppsstaden og berørte interesser. Ein må også sende nabovarsel. Vidare skal ein kunne dokumentere reinsegrad. For minireinseanlegg og slamtankar betyr det at anlegget må ha gått igjennom standardiserte testar. For infiltrasjon må ein dokumentere hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, eigenskapane til lausmassane som reinsemedium og risiko for forureining. Ein skal også vise at anlegget har rett storleik og plassering.

Forureiningsforskrifta gir rom for ein del tolking. Surnadal kommune presiserer her kva vi krev for at krava i forureiningsforskrifta skal innfriast.

#### **Fagkunnig selskap:**

Legg ved kursbevis, bevis for sentral godkjenning eller ei skildring av arbeidserfaringa din med planlegging av avløpsanlegg. Legg ved slik dokumentasjon kvar gong du sender søknad.

#### **Skildring av utsleppsstaden:**

Legg ved eit kart som viser kor anlegget skal plasserast. Er nokre område nedstraums påverka av eutrofiering? Du finn informasjon om kva område det gjeld i kartløysinga på Vann-nett.no.

#### **Berørte interesser:**

Beskriv korleis området i resipienten blir brukt. Er det nokre brønnar i nærområdet? Blir resipienten brukt til bading eller fiske?

#### **Nabovarsel:**

Det er ikkje berre dei nærmaste naboane som skal varslast. Ta utgangspunkt i at alle eigedommar på ein avstand der det kan bli forureina brønnar, skal ha nabovarsel. Forureininga kan transporterast cirka 100 meter. Hugs at brønnar kan vera djupe og forureina vatn kan følge sprekkar i berggrunnen i alle retningar. Det er fire vekers frist for å svare på nabovarsel. Varsla må vera forståeleg for folk flest. Søknaden skal ikkje sendast før alle naboar har svart eller fristen har gått ut. Kopi av utsendt nabovarsel skal leggast ved søknaden.

#### **Dokumentasjon av reinsegrad:**

Legg ved datablad eller liknande for slamtank og minireinseanlegg. Om utsleppet er planlagt i sjø er det forureiningsforskrifta § 12-9 som bestemmer minimumskrav. Ved

andre utslepp ligg § 12-8 til grunn for vurdering om anlegget reinsar godt nok. Hugs at det ikkje berre er drikkevatn som er ei brukarinteresse, men også bading og fiske.

#### **Infiltrasjonskapasitet:**

Det må gjennomførast infiltrasjonstest på den djupna infiltrasjonen er planlagd. Ved godt sortert jord kan jordprøve erstatta infiltrasjonstest. Jordprøva må analyserast av nøytral fagkunnig selskap. Å visuelt fastsette sorteringsgrad og kornstorleik er ikkje godt nok.

#### **Hydraulisk kapasitet:**

Søknaden skal innehalde ei utrekning av hydraulisk kapasitet. For å få høgda på utstraumsområdet må ein jordprofil vere vedlagt søknaden. Jordprofilen skal gå ned til det laget som vatnet ikkje kan trenge gjennom eller djupt nok for å vise at hydraulisk kapasitet ikkje er eit problem. Det må lagast minst ein jordprofil i utløpssona i tillegg til ein profil ved kvar ende av infiltrasjonen. Jordprofilen må innehalde informasjon om kornstorleik, haldfastleik og tjukn. Det kan vera nødvendig å gjennomføre infiltrasjonstestar også i utstraumsområdet for å få nok kunnskap om den hydrauliske kapasiteten. Om jorda er godt sortert kan ein i staden bruke jordprøve.

#### **Skildring av reinseevne:**

Beskriv jordtypen avløpsvatnet vil renne gjennom. Reinseevna minkar når avløpsvatnet kjem i kontakt med grunnvatn. Det er difor krav om at grunnvasstanden skal vere minst 50 cm under infiltrasjonsflata for inntil 25 PE og 100 cm for anlegg med over 25 PE. Ein må difor oppgi kor djupt grunnvatnet var når feltundersøkingane vart gjennomførte, dato for undersøkinga og vår veka før undersøkinga. Om grunnvatnet ved undersøkinga er så djupt at det blir krevjande å grave så djupt, er det nok å oppgi kor djupt ein undersøkte utan å finne grunnvatn. Under infiltrasjonen kjem grunnvasstanden til å stige, noko ein må ta omsyn til når ein vel plassering og djupn for infiltrasjon.

#### **Risiko for forureining:**

Dersom du har med all informasjon om brukarinteresser, jordartar og anna som er beskrive over, vil dette utgjere tilstrekkeleg grunnlag for vurdering av risiko for forureining.

For meir informasjon om grunnundersøkingar viser vi til Norsk Vann Rapport 262 2021